



Kommunane i Møre og Romsdal

## Invitasjon til fagsamling om direkte tilskot 2014

Fylkesmannen i Møre og Romsdal inviterer med dette til fagsamling for kommunane om tilskot og tilskotsforvaltning. Det kan bli ein del endringar i regelverk og satsar innafor produksjonstilskotsordninga frå kommande søknadsomgang, og fylkesmannen ynskjer å legge hovudvekta på informasjon om dette under fagsamlinga i år.

Vi håpar at alle som handsamar søknader om produksjonstilskot i kommunane har høve til å komme denne dagen. I tillegg håpar vi at dei jordbrukssjefane som ikkje arbeider med produksjonstilskot til dagleg, har høve til å komme.

**Stad:** Alexandra Hotell Molde

**Tidspunkt:** 13. august 2014 kl. 09:30 – 15:30

Kommunane må dekke reisekostnadene sine sjølve, medan fylkesmannen dekker kostnadene med sjølve arrangementet inkl. lunsj.

Førebels program for dagen:

09:30	Oppmøte, kaffi
10:00	Opning – landbruksdirektør Anne Berit Løset
10:10	Regionalt miljøprogram – oppdatering – rådgjevar Arnold Hoddevik
10:45	Produksjonstilskot – endringar etter jordbruksavtalen 2014 – ?
12:00	Lunsj
13:00	Oppsummering etter diskusjonar over lunsjbordet
13:30	Reaksjonsformer ved brot på tilskotsregelverket – seniorrådgjevar Hanne Klægstad, LMD
15:00	Oppsummering – avslutning

Vi håpar at kommunane allereie no set av denne dagen. Det vil bli sendt ut ei påminning etter ferien, og påmeldingsskjema blir lagt ut på heimesida til fylkesmannen under <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/>

Påmeldingsfrist: 6. august 2014.

Med helsing

Anne Berit Løset (e.f.)  
Landbruksdirektør

Magna Bergem

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*